

Til

27. april 2017

Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

**Merknader til utvida planområde og offentlig ettersyn av endringar i reguleringsplan Nesfossen næringsområde, plan-ID 1263-201508.  
Til offentlig ettersyn i 4 veker i perioden 05.04.2017 til 03.05.2017.**

Punkt 7.1.4 Funksjonsområder for fisk og andre ferskvassarter.

Storavassdraget har i alle tider hatt ein god bestand av ål. Det vil sei at tilkomst for ål til vassdraget har vore god. Den viktigaste tilkomsten er elva frå sjøen på Nesfossen til Storavassdraget og landskaps området rundt Nesfossen. Ålelarvar har, og må framleis nytta dette området for å nå vassdraget over den 12 m. høge fossen.

Etter at Nesfossen smolt AS starta opp, er dette området av naturlege tilkomstvegar for ål til vassdraget vorte hindra av tilkomstvegar og andre anlegg fram til smoltanlegget.

Slik dette nye planområdet legg opp til, vil dette medføra fleire hindringar for å sikra trygge og gode ferdselsvegar for ålelarvar i og rundt elva fram til vassdraget.

Det må utarbeidast gode planar og tiltak for å sikra gode tilkomstvegar for ålelarvar til vassdraget. Naturvern-myndigheter i Hordaland fylke må inn i saka slik at dette er på plass før løyve til oppstart vert gjeve. Det må også førast oppsyn i etterkant i vassdraget, slik at naturleg ålebestand ikkje døyrt ut grunna omsøkte tiltak.

Ål er i dag eit verna fiskeslag. Ål er i svært mange vassdrag hindra av utbygging, så det er med stor verdivurdering at tiltak vert gjort for at ikkje fleire vassdrag vert skadelidande.

Med venleg helsing

Jan B. Thorsheim

Kopi: Hordaland Fylke Viltforvaltning, innlandsfisk og sel.

Naturvernforbundet Nordhordland

